

Antirasistisk plattform: Eit samfunn utan rasisme

SV ønskjer eit samfunn for dei mange, der alle har like moglegheiter. Eit samfunn der alle kan lukkast og trivast uavhengig av kven foreldra dine er, kven du elskar eller korleis du ser ut. Alle formar for rasisme er ein trussel mot det samfunnet vi ønskjer oss og må motarbeidast. Rasismen skaper mistillit mellom menneske og legitimerer skeivfordeling av makt og ressursar. Han lagar eit skilje mellom «oss» og «dei» der nokon blir meir verd.

Rasisme er diskriminering av menneske basert på at dei har ein annan etnisk eller nasjonal tilhøyrse eller fordi dei framstår som om dei har ei annan tilhøyrse – til dømes på grunn av namn, hudfarge, kultur eller religion.

Rasisme er eit aukande samfunnsproblem også i Noreg. Når sentrale leiarar i samfunnsdebatten, heilt inn i Regjeringa, medvite bruker splittande og stigmatiserande ordbruk, så får dette følgjer for barn og unge som veks opp. Dei legaliserer forskjellsbehandling, mobbing og diskriminering. Den rasismen som allereie er der aukar i omfang. Når toppen av samfunnet stadig seier at du ikkje er like bra, så forsterkar det minoritetsstresset barn og ungdom lever med og gjer at dei må bruke meir krefter berre for å få dei same moglegheitene som andre tek som ei sjølvfølgje.

Valdeleg rasisme og høgreekstremisme aukar i heile Europa, og Noreg er ikkje eit unntak. Vi kan sjå det i talet på organisasjonar med høgreekstrem/høgreradikal ideologi, og i deira aukande og samansette aktivistar på nettet. Vi ser det òg i statistikken over hatkriminalitet og i korleis rasistisk hets og vald råkar både på gata og i kommentarfelta. Vi ser det i eit stadig hardare og meir hatefullt debattklima. Vi ser det når maktpersonar bruker innvandrarar og flyktningar som skremmebilete. Vi ser det når mange av våre unge føler at dei ikkje er gode nok, at dei ikkje fullt ut får vere ein del av fellesskapet berre fordi dei har utanlandske namn eller ein annan hudfarge enn majoriteten.

Denne plattformen legg grunnlaget for SV sitt arbeid mot rasisme, i form av diskriminering, hets og organisert hat. Det er ikkje ei plattform for integreringspolitikk, og heller ikkje for strategien til partiet for å kjempa mot høgrepopulisme. Ho er ikkje ein uttømmende arbeidsplan eller eit fullstendig politisk strategisk rammeverk, men skal danne utgangspunktet for breitt og systematisk organisatorisk og politisk arbeid.

SV sin visjon for eit rasisme-fritt Noreg

Landet vi bur i har alltid vore fleirkulturelt, heilt sidan den gongen nordmenn og samar møtte kvarandre for første gong. Sidan den gongen har menneske frå andre stader jamleg komme hit, vorte ein del av samfunnet og bidrege med kunnskapen sin og kulturen sin. Menneske med ulik slekts- og kulturbakgrunn har i fellesskap forma samfunnet. Møtet mellom gamle og nye kulturar i landet har ført til utvikling av forhold der tillit, fellesskap og kunnskapsutveksling har stått i sentrum.

Dessverre er også rasisme ein del av Noregs historie og samtid. Styresmaktene har opp gjennom historia ført rasistisk politikk mellom anna ved å prøva å utsletta kulturen til det samiske urfolket og dei nasjonale minoritetane, og dessutan ved å stenga jødar ute frå landet. Sidan andre halvdel av 1900-talet har politikken som gjeld dei gamle minoritetane i landet - urfolket samane og dei nasjonale minoritetane jødar,

kvener/norskfinnar, rom, romani og skogfinnar - vorte betre, men det gjenstår framleis store utfordringar. Vi ser at dei nye minoritetane møter noko av den same diskrimineringa og barrierane.

Dei siste tiåra har Noreg tatt imot ei betydeleg mengde innvandrarak. Nokon har komme for å få vern, andre for å søke arbeid og eit betre liv, eller vere saman med familien sin. Fiendtlege haldningar til menneske med minoritetsbakgrunn, spesielt med bakgrunn frå Midtausten og det afrikanske kontinentet, er i dag skremmande til stades i samfunnsdebatten. Særleg i sosiale og alternative medium på nettet. I dagens Noreg ser vi eit debattklima som fremjar fordommar og frykt for det ukjende. I staden for å møte kvarandre med utgangspunkt i eit ønskje om å byggje tillit, samarbeid og forståing, blir mange indirekte oppfordra til å møte andre menneske med mistillit og frykt.

Dei kraftige, aukande rasistiske og islamofobiske strøymingane i vestlege samfunn er med på å dehumanisere muslimar og etablere ei gruppetenning som i ytste konsekvens får uttrykk som vald og terror. Angrep retta mot muslimar blir ofte omtalt som einskildståande hendingar, på trass av at enkeltpersonar som utfører angrep er ein del av eit stort ideologisk nettverk

Samar møter framleis rasistiske haldningar og stereotypiar. Antisemittisme er framleis eit problem i Noreg, og jødehat ein reell trussel for den vesle jødiske minoriteten vår. Hets, hat eller frykt for muslimar er den berande ideen i mykje moderne rasisme, og slike islamofobiske haldningar påverkar offentlegheita og skadar arbeidet med å skape eit godt forhold mellom nordmenn med ulike bakgrunn. Islamofobien er del av ein internasjonal trend der krefter på ytre høgrefløy ser muslimar som den viktigaste trusselen mot vestleg kultur og levemåte.

Politikk og haldningskamp

Politikken vår for fellesskapet byggjer på ein antirasistisk analyse. Våre antirasistiske løysingar handlar om haldningskamp, men òg om konkrete tiltak som kan gje folk vern i arbeidslivet, på bustadmarknaden, i byen, i samfunnslivet og i skulen. Tillitssamfunnet vårt er truga av krefter som tener på mistenkeleggjing og framandfrykt. Det er ikkje minoritetar som truar velferdssamfunnet, det er den veksande forskjellen i makt og rikdom.

Vi har ein delt arbeidsmarknad der mange tunge og dårleg betalte yrker blir dominerte av minoritetar. Når folk ikkje møter kvarandre, blir ein lettare mistenksam. I nabolag, på skular, i frivilligheita og på andre fellesarenaer blir det dagleg bygd band mellom ulike grupper. Dette møtet kan gje rike samfunn og rike liv. Når tillitskulturen står sterkt kan dette møtet skape grensebrytande fellesskap som fører med seg innovasjon og nytenking, kunnskap og solidaritet.

Samstundes kan nokon føle seg trua eller ekskludert. Skilnader i makt og ressursar gjer tillitsbygginga vanskeleg. Når folk føler at dei får det tøffare, er usikre eller redde, er det lett for maktpersonar og ytre høgrefløy å peika på det som er synleg og nytt. Minoritetane får skulda sjølv om det er andre ting som skaper usikkerheita. Då har tillitskulturen dårlege kår. Det som opplevast som nytt kan vekke vegring mot å møtast, heller enn forvitenkap.

For SV er det viktig å motarbeide at minoritetar blir gjort til syndebukkar for aukande skilnader, aukande usikkerheit og at mange ikkje føler at samfunnet og fellesskapet stiller opp for dei. Og vi godtar ikkje at nokon kan bli fødde og oppvaks her, vere norske statsborgarar, men samtidig oppleve at dei ikkje er «norske nok».

I eit mangfaldig samfunn er det avgjerande å ha ein politikk for kva for grunnleggande verdiar, prinsipp og rettar som skal binde oss saman som nasjon uavhengig av bakgrunn. Sjølv om forvitenskap er det beste utgangspunktet for all menneskeleg kontakt så er det òg praksisar som skal møtast med motstand. Antisemittisme, tronge kjønnsroller, homofobi og negativ sosial kontroll skal ikkje møtast med forvitenskap, men med krav om endring. På same måte som vi ikkje vil ha syndebukkar vil vi heller ikkje ha ettergiving. Vi står for dei same sosialistiske og feministiske verdiane i møte med alle menneske.

Ein antirasistisk politikk handlar ikkje berre om haldningskamp, men om konkrete tiltak mot diskriminering. Namnet ditt skal ikkje avgjere om du blir kalla inn til jobbintervju eller får tilslag på leigekontrakt, og hudfargen din skal ikkje avgjere kor mange gonger du blir stoppa i politikontroll eller om du kjem inn på ein utestad.

Antirasistisk Senter la hausten 2017 fram rapporten “Vi vil ikkje leika med deg fordi du er brun” - ei undersøking av opplevd rasisme blant ungdom. Ungdommane melder i rapporten at skulen er ein av arenaene der dei møter mest opplevd rasisme. Det er viktig at alle som jobbar med barn og unge anerkjenner at rasisme finst, og at barn og unge som fortel om rasisme får god oppfølging og støtte. Eit av dei meste alvorlege funna i rapporten var at barn og unge som opplevde rasisme fortalte at dei fekk mangelfull, lite eller ingen oppfølging når dei melde ifrå om dette til skulen. Skulen skal vere ein trygg arena for barn og unge, han skal fremja lærelyst og danning, og gje kvar enkelt elev rom for positiv utvikling. Når det blir avdekt at barn og unge opplever rasisme kan vi ikkje møte dette med likegyldigheit.

Den organiserte rasismen og høgreekstremismen spreier frykt og er ein konkret trussel mot minoritetar. Nazistiske og fascistiske organisasjonar trenar på voldsbruk og utøver vald i nabolanda våre. Medlemmer har vorte tatt for drap og terrorverksemd, og det har vorte tatt beslag i våpen. Også i Noreg blir det spreidd rasistisk hets og propaganda som er lovstridig. Når dette ikkje har vorte straffeforfølgt må det bety at det manglar vilje hos politikarar til å prioritera, og i politiet til å handheva lovverket. SV må jobbe for at dagens lovverk blir følgde opp og dermed råkar høgreekstreme organisasjonar og medlemmene deira som oppmodar til, og gjennomfører politisk vald.

Det er ikkje mogleg å tillate valdelege nazistar å marsjere gjennom norske byar og samtidig garantere ytrings- og rørslefridom for dei som er mål for hatet til nazistane. Derfor må SV seie nei til å la valdelege høgreekstreme organisasjonar markere seg i det offentlege rommet.

Viss nazistiske organisasjonar involvert i organisert valdsbruk ikkje blir råka av eksisterande lovverk, må vi vurdere eit lovforbod basert på tilrådinga frå FN's rasediskrimineringskomité.

Antirasistisk politikk i ni punkt:

1. Styrke arbeidet mot diskriminering i arbeidslivet og bustadmarknaden, og gjere det lettare å melde om diskriminerande handlingar på desse områda til politiet. Auke bruken av tiltak som anonyme jobbsøknader.
2. Styrke likestillings- og diskrimineringsombodet og sjå på moglegheita for å gje ombodet fleire verkemiddel.
3. Sørgje for å utarbeide og setje i verk handlingsplan mot islamofobi, rasisme og etnisk diskriminering i tråd med råd frå Likestilling- og diskrimineringsombodet. Dette kjem i tillegg til handlingsplanane mot antisemittisme, strategien mot hatefulle ytringar, mot diskriminering på grunn av seksuell



orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, og handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme.

4. Alle kommunar og fylke pliktar å utarbeide ein eigen lokal handlingsplan mot rasisme og etnisk diskriminering. Til no er det få kommunar som har utarbeidd egne planar, sjølv om det vil vere eit problem i alle kommunar.
5. Auka ressursane til politiet og auke prioriteringa av etterforsking av hatkriminalitet. Medverke til eit stabilt nærpoliti som kan sikre dialog med utsette minoritetsmiljø. Sørgje for ressursar nok til at politiet kan følgje opp slik at ytringar på nett får same konsekvensar som elles i offentlegheita. Politiet og tollvesenet må innføre eit system som viser korleis og kven som blir stoppa for kontroll, utover utlendingskontroll, og i kva grad politiet driv med etnisk profilering. Det bør òg vere ei løysing som kan sikre at dei som blir kontrollerte kan dokumentere kontrollen.
6. Auka forskning på rasisme og diskriminering i Noreg. Særleg for å sjå korleis diskrimineringa råkar ulike grupper, der ein ser på alder, klasse, kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Dette er viktig fordi diskrimineringa får store følgje for menneske som tilhøyrer fleire minoritetar.
7. Auke støtta til organisasjonar som jobbar mot rasisme og diskriminering eller til internt arbeid med dette i organisasjonane. Kutte støtte til organisasjonar som driv hets eller aktivt spreier desinformasjon.
8. Sørgje for at vi òg internt har ein god antirasistisk måte å jobbe og vere på. Det er viktig med jamleg utdanning i antirasisme og oppmoding til kritisk haldning til eiga åtferd mot folk av annan etnisk bakgrunn i partiet. Sørgje for at vi er i dialog med dei miljøa og organisasjonane som problemstillinga gjeld.
9. Ei utfordring i offentlegheita er at minoritetane er underrepresenterte i ein del roller. Det er difor viktig at SV går føre og satsar på rekruttering av menneske med ulik bakgrunn som medlemmer og til ulike roller i partiet.